



Askvoll kommune
Postboks 174
6988 ASKVOLL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Askvoll kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Askvoll kommunestyre har i møtet 16.12.2020, sak 103/2020, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Sjølv om vi er komne langt ut i nytt år no, vel vi likevel å komme med tilbakemelding på dokumenta, med tanke på arbeidet med budsjett og økonomiplan for neste periode, som tek til att på hausten.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei enkel tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følge konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering

Askvoll kommune sine budsjett- og økonomiplandokument viser ein stram økonomi i planperioden. Statsforvaltaren er noko uroa for utviklinga i lånegjelda, kombinert med underskot i drifta dei åra det ikkje er utbetaling frå Havbruksfondet.

Eit svekt handlingsrom kan fort få konsekvensar for tenestetilbodet for innbyggjarane. Framover bør kommunen styre etter måltal der ein oppnår berekraft og eit handlingsrom som står seg over tid.

Budsjett 2021

Budsjett viser eit negativt netto driftsresultat på 8,6 mill. kroner, som tilsvarar –2,8 prosent av driftsinntektene. Dette blir balansert ved bruk av bundne fond og disposisjonsfond. Resultatet ligg

godt under Teknisk Berekningsutval (TBU) sitt anbefalte nivå på 1,75 prosent. Førebelse rekneskapstal frå 2020 viser eit netto driftsresultat på 2,8 prosent.



Budsjettert skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) samanlikna med statsbudsjettet og oppdatert KS-prognosemodell med nye folketal, viser at kommunen budsjetterer inntektene noko lågare enn prognosemodellen.

Disposisjonsfondet utgjer om lag 43 mill. kroner etter førebelse tal frå SSB for 2020. Dette ligg godt over det anbefalte nivået frå TBU på minimum 5 prosent.

Det er planlagt investeringar i anleggsmiddel for 89,7 mill. kroner. Dette skal delvis finansierast med opptak av nye lån på 66,9 mill. kroner. 3 mill. kroner er startlån til vidare utlån, og 12,8 mill. kroner utgjer lån til VA-investeringar. Dei største andre investeringar som belastar drifta, er lån til omsorgsbustader og ny brannstasjon. Langsiktig gjeld i prosent av driftsinntektene utgjorde 88,9 prosent for 2020, medan snittet for landet var 117,2 prosent. Ved utgangen av 2021 er det budsjettert med ei lånegjeld på om lag 352 mill. kroner, noko som utgjer 115 prosent av brutto driftsinntekter.

Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for 2022–24 varierer i takt med utbetalingar frå Havbruksfondet. Resultatet utgjer 1,13 prosent i 2022, minus 2,2 prosent i 2023 og 0,62 prosent i 2024. Avsetjing til og bruk av disposisjonsfond og bundne fond er lagt inn tilsvarande for heile økonomiplanperioden.

Sett bort frå Havbruksfondet er det ikkje andre vesentlege endringar i sentrale inntekter frå 2020. Overføringar til einingane viser ein auke i 2021 for oppvekst og helse og omsorg, som så blir redusert ned att dei siste tre åra. I tillegg er det lagt inn ein reduksjon på 6,2 mill. kroner for teknisk drift som skuldast endringar knytt til Sunnfjord Miljøverk.

Disposisjonsfondet utgjer om lag 43 mill. kroner i 2020. Med eit netto uttak på 9,4 mill. kroner i perioden vil fondet vere redusert til 33,6 mill. kroner i 2024. Dette tilsvarar om lag 10,6 prosent av driftsinntektene, og er over det anbefalte nivået frå TBU, og i samsvar med kommunen sine måltal.

Sum investeringar i planperioden utgjer om lag 232 mill. kroner. 12 mill. kroner av dette utgjer vidareutlån til startlån, og om lag 60 mill. kroner utgjer VA-investeringar. Samla låneopptak utgjer 195,2 mill. kroner. Det er budsjettert med auka utgifter til rente og avdrag for å finansiere låneutgifter som belastar driftsbudsjettet med 5,3 mill. kroner i løpet av perioden. Dei budsjetterte investeringane vil resultere i ei langsiktig gjeld som aukar frå 115 prosent i 2021 til om lag 142 prosent ved utgangen av 2024.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:



- *Kommunen har eit langsiktig mål om å ha eit netto driftsresultat lik 0 så lenge ein har disposisjonsfond i tråd med målsettingane*
- *Disposisjonsfond skal ha ein størrelse på mellom 8 og 12 prosent av driftsinntektene*

Vi kan ikkje sjå at det er opplysningar om vedtekne måltal for gjelda. Det kjem likevel fram at den renteberande gjelda vil auke til om lag 70 prosent av samla driftsinntekter ved utgangen av perioden, og at veksten i gjelda etter dette bør flate ut.

Statsforvaltarens vurderingar

Folketalet har gått ned dei siste åra frå 3 065 innbyggjarar i 2017 til 3 011 innbyggjarar i 2020. Frå 2020 til 2021 viser tala ein reduksjon på 20, til 2 991 innbyggjarar, noko som utgjer ein nedgang på 0,66 prosent. Demografien viser ein auke i dei eldre årsklassane og noko nedgang i dei yngre klassane.

Askvoll kommune er på grunn av geografien ein noko utfordrande kommune å drive med tanke på finansiering av tenestetilbod. Statsforvaltaren er likevel uroa over at lånegjelda aukar mykje i perioden, og at stadig meir av driftsinntektene må brukast til betaling av renter og avdrag. Dette skjer samstundes med usikkerheit knytt til utvikling av rentenivået dei næraste åra, i tillegg til at økonomien er planlagt slik at drifta blir avhengig av inntekter (utbetalingar) frå Havbruksfondet.

Det er derfor positivt at kommunen no har merksemd på dette og vil setje i gang eit arbeid knytt til organisering og ressursbruk, for å oppnå berekraft og eit handlingsrom som står seg over tid.

Dokumenta er elles ryddige og informative, og har ei god skildring av fagområda.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent